

Hylla den norske rettsstaten

17.05.2012



Bjarte Døssland er stolt over rettsstaten vår

**Tenk å få leva i eit land der det faktisk går an å sjikanera
landets statsminister såpass usakleg som bøndene har gjort
utan at nokon - aller minst statsministeren sjølv - ville
finna på å meina at det ikkje skulle vera lov.**

Dagens talar, advokat Bjarte Døssland, kom med denne ytringa
med utgangspunkt i biletet av statsministeren med ei høne
på hovudet. Det har vore utplassert også i Uskedalen.



Toleransen er stor, dette egget var utplassert i Uskedalen

Talen var ei sterk hylling av den norske rettsstaten der han og var innom terroråtaket 22..juli og det faktum at politiet ikkje skaut

gjerningsmannen men arresterte han.
Prinsippa i Grunnloven om at
ingen kan dømmes uten etter lov eller straffes uten etter dom
satt i ryggmargen til politiet og overstyrte det raseriet dei
må ha kjent på der og då.

Gjerningsmannen er heller ikkje utsett for tortur. og han blir
handsama sakleg og skikkeleg, konstaterte Døssland.
Han konkluderte med at rettstatens aktørar har gjort og gjer det som skal
gjera og det på ein måte som tenar rettsstaten vår til ære.

Det overraska ikkje Døssland, han hadde vore trygg på det heile tida
Det som imponerte han var dei som sjølve vart utsette for
handlingane. Ingen har vore meir innstilte på å la rettsstate virke enn
dei og ingen har stått tryggare opp for Grunnlova sine
pinsipp enn dei.

Talen vart fint ramma inn av Røysterett for alle og musikklaget og
timen i Aktivitetshuset var ein veridig slutt på ein
framifrå nasjonaldag. Det vart også delt ut premiar for quizen som
50 deltok i.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen